

## Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 16.01.2019

### Svar frå fylkesrådmann:

Fylkeskommunen har plikt til å dimensjonere skoleskysstilbudet ut frå at skoleelevar med lovfesta rett til skoleskyss (etter føresegna i opplæringslova kapittel 7 og privatskolelova § 3-7) skal ha tilgang til sitteplass i bussen med setebelte fastmontert.

Per i dag er det ingen skoleelevar på Knarvik ungdomsskule som bur mellom Knarvik og Alver som har lovfesta rett på skuleskyss med buss. Skyss ønskjer likevel at det skal vere sitteplass med fastmontert setebelte for dei reisande, men kan ikkje garantere for dette.

Når det gjeld busstilbudet til/frå Knarvik ungdomsskule går det fleire bussar frå Knarvik til Alver som gjev reisemoglegheit for ungdomsskoleelevane etter skuleslutt. Ein gjennomgang av passasjerstatistikken viser at det er ei «skjeivfordeling» mellom talet passasjerar på kvar av bussane. Dette skuldast nok at skoleelevane ønskjer å ta bussen som kjem først. Skyss vurderer den totale kapasiteten på tidspunktet og strekinga som god, men det er viktig at skoleelevane spreier seg på bussavgangane. Her oppmodar vi til at skolen og foreldre hjelper til med å informere skoleelevane om dette.

Skyss har stor forståing for foreldre si bekymring, og håper desse tiltaka kan bidra til at skoleelevane får sitteplass på reisa til/frå skolen. Gje oss gjerne tilbakemelding dersom dette problemet held fram.»

Skyss har også nyleg sendt ut eit informasjonsskriv om kapasitet i skolebussar til alle grunnskolane i Hordaland. Dette informasjonsskrivet blei lagt ved svaret til FAU ved Knarvik ungdomsskule, og har fylgjande ordlyd:

### **Skoleskyss - Informasjon om kapasitet i skolebussar**

Skyss har den siste tida mottatt førespurnader frå fleire skolar med spørsmål om korleis Skyss handterer situasjonar med manglande sitteplassar (inkl. setebelte) til skoleelevar. I det følgjande vil Skyss gje informasjon om korleis skoleskyssen blir dimensjonert og korleis konkrete situasjonar med manglande sitteplassar blir følgt opp.

Skyss si planlegging har utgangspunkt i fylkeskommunen si plikt til å dimensjonere skoleskysstilbudet ut frå at skoleelevar med lovfesta rett til skoleskyss (etter føresegna i opplæringslova kapittel 7 og privatskolelova § 3-7) skal ha tilgang til sitteplass i bussen med setebelte fastmontert. Kravet om tilgang til sitteplass med setebelte gjeld imidlertid ikkje for skoleskyss som blir utført med buss klassifisert som «klasse I» (bybussar).

Skyss planlegg transporten ut frå talet på elevar med rett på skoleskyss som skolen har meldt inn til Skyss innan fristen 1. mars skoleåret før. Det kan vere fleire årsaker til at det er fleire skoleelevar på bussane enn dimensjonert for. Til dømes kan skolane melde inn fleire elevar med rett til skoleskyss etter fristen, og i tillegg kan talet på skoleelevar utan lovpålagt rett på skoleskyss, som reiser med skolebussane, variere. Vi opplever også at der det er sett opp fleire bussavgangar med kort mellomrom vel ofte skoleelevane ankomsten/avgangen nærast skolen si start/slutt-tid, medan det er god kapasitet totalt sett.

Det er viktig å merke seg at kravet om tilgang til sitteplass med setebelte tek utgangspunkt i det normale behovet for sitteplassar. Det er ikkje ulovlig med ståplassar i bussane, og tilfelle av dette må man rekne med vil kunne oppstå, men dersom det dagleg ikkje er nok sitteplassar skal Skyss sørge for ekstra busskapasitet. Det er derfor sentralt at slike situasjonar blir meldt inn til Skyss (skoleskyss@skyss.no).

Tilbakemeldingar frå bussjåførar har vist at det også kan vere utfordringar knytt til å få skoleelevar til å nytte setebelte, og det er derfor ønskeleg at skolane bidrar med «haldingsarbeid» knytt til sikkerheit på skolebussen.

Skyss tar sikkerheita til skolebarn på stort alvor. Kapasiteten på skolebussane blir følgt opp tett, og det er løpande dialog mellom Skyss og bussoperatørane.

Ved spørsmål ta kontakt med [skoleskyss@skyss.no](mailto:skoleskyss@skyss.no)